



Pris: 10.-

RØSSDALEN - INDRAVATNET

FORSAND KOMMUNE

FAKTA

Lengde: Maks 1 time til Røssdalsslettene.

2 timer til Indravatnet.

Passar for: Familietur

Parkering: God plass i Øvre Espedal

Kartblad: 1312 IV: Frafjord

Verd å merka seg:

Frå parkeringsplassen er det gruslagt veg, så her kan ein koma heilt inn til Røssdalsvatnet med sykkel og barnevogn. Hugs å lukka grindene; dyr er på beite.



Foto: Roy Mangersnes

OM TUREN

Kjerrevegen blei opprinnlege laga i 1913 og er i dag utbetra for å gi enklare adkomst til Røssdalsvatnet. Langs vatnet er stien steinlagt og lett å gå på. Turen inn til Røssdalsslettene er ikkje spesielt lang. På slettene kan ein ha picnic, og kanskje liggja i telt ei sommernatt. Hugs at dette må gjerast på naturen sine premissar. Mange av trea her er heilt spesielle og må ikkje nyttast til ved. På døde og rotne tre finnst eit yrande insektsliv som gagnar fuglar og dyr i skogen. Bruk av eld i skog og mark er forbode i tida 15/4-15/9.

Vidare frå Røssdalsslettene kan ein gå heilt opp til Indravatnet. Denne turen er litt tøffare og tar minst ein time ekstra kvar veg. Det er vanskeleg å passera gjennom Aslaksreset, så når ein kjem til stryka i elva, må ein kryssa og finna stien på andre sida. Denne er berre merka med eit par vardar, men er rimeleg grei å fylgja heilt inn til Indravatnet.

Historie og natur

Inne i Røssdalen blei det tidlegare slått høy og kvista tre til dyrefôr, og spor etter denne drifta kan ein framleis sjå fleire stader i dalen. Spesielt synleg er dei mange styvingstrea ein finn innover dalen. I dag er Røssdalen ein viktig del av Frafjordheiane landskapsvernområde, og floraen her utgjer ein svært viktig del av verdiane i verneområdet. Klimaet her inne er heilt spesielt og difor veks det svært krevjande planter her som er sjeldsynte andre stader, som til dømes det varmekjære lindereet.

Heile dalen er prega av eit enormt mangfold av planter, fuglar og dyr. Få andre stader i fylket vårt har like rik natur som den ein finn i Røssdalen. Ein natur vel verd å ta vare på.



